



Multiconsult

Referanser:

Saksbehandlar:

Dato:

Dykkar:

Linda Folkestad

18.10.2016

Vår: 16/3343 - 16/29060

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Svar på søknad om dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett - gbnr 137/779 - Isdalstøbakken

Teknisk drift syner til brev datert 26.09.2016 vedkomande søknad om dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett – gbnr 137/779 – Isdalstøbakken.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom ytterkant tiltak og næraste del av kommunalt leidningsnett skal være minimum 0,6 meter. Avstand skal være målt vannrett.
- Minste avstand mellom ytterkant mur og innerkant fortau (det vil si kant fortau mot gbnr 137/779) skal være minimum 0,75 meter. Grøfteareal mellom fortauskant og mur skal være opparbeida iht til gjeldande regelverk.
- Mur skal i sin heilskap plasserast på eigen eigedom innanfor planområdet. Det må sendast inn revidert situasjonsplan som viser at vilkår i vedtak er oppfylgt.
- Mur skal være forsvarleg fundamentert – under botn leidningsnett.
- Teknisk drift fråseier seg alt ansvar for skade som oppstår på mur under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg (veg, vatn og avlaup). Dersom det oppstår skade på tiltak under drift

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg, er dette kommunen uvedkommande. Eigar av mur må sjølv sørge for og påkoste utbetring av disse.

Omlegging av kommunalt leidningsnett i kommunalt fortau krev eget løyve frå vegmynde i form av graveløyve. Vi be om at slikt løyve vert sendt til postmottak@lindas.kommune.no merk søknaden med Rune Kilen.

Det er med heimel i «Standard abonnementsvilkår – Tekniske og Administrative bestemmelser punkt 3.4» og VA norm for Lindås kommune at Teknisk drift skal setje krav til tiltak som skal etablerast langs kommunalt leidningsnett. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve «Standard abonnementsvilkår – Teknisk og Administrative bestemmelser» og VA norm for Lindås kommune og ikkje dei rettar/avtaler De har med eventuelle grunneigarar.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avlaup

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arne Helgesen
Byggmester Markhus AS

Mottakarar:

Multiconsult